

Hilde Nina B. Osen,  
Vernepleiar,  
Trudvang skule



## Vernepleiaren si rolle for å byggja det gode laget rundt eleven



### Samandrag

Skulen er i endring. Både ekspertar og politikarar har i dei seinare åra etterspurt andre yrkesgrupper inn i skulen. Dei ynskjer å byggja eit breitt lag rundt eleven som har samansette utfordringar. I dette breie laget må ein ha ulik kompetanse, også med psykososialt fokus. Her er det viktig å dra inn den unike kompetansen til vernepleiaren. Det vert sentralt å sjå på kva ulike måtar vernepleiaren kan bidra på inn mot dei elevane som strevar, og som har ulike behov i skule- og SFO-tid. For å sjå heile eleven er avgjerande. Det at vernepleiaren er samansett av både helsefagleg og sosialfagleg kompetanse er verdifullt i den jobben ein som vernepleiar utfører på skulen. Ut frå dette kan ein betre sikra seg at alle behova til eleven vert ivaretekne. Dette gjeld behov som eksempelvis rommar helse og psykososiale behov. For å lukkast med det nye fokuset i skulen og samstundes oppnå eit godt tverrfagleg samarbeid, er det behov for ei leiing på skulen som har eit tydeleg fokus og ynskje om å få dette til. Samstundes som det krev kommunepolitikarar som er villige til å bruka lønsbudsjettet på andre profesjonar enn dei som tradisjonelt sett er anerkjende i skulen. Som vernepleiar i skulen vert ein òg ei av dei nyare yrkesgruppene. Tråkkar ein inn på læraren sitt terri-

torium, eller klarar ein å tenkja at ein kan læra av kvarandre gjennom ulikskapane i utdanningane? Eit anna viktig fokus vert òg å få eleven sjølv med på laget. Som vernepleiar er ein oppteken av brukarmedverknad, og det er allment akseptert at ein oppnår lettare vekst når eleven ser på seg sjølv som ein samarbeidspartnar. For sosial læring kan ikkje isolerast frå fagleg læring. Difor ser ein behov for vernepleiar-kompetansen i skulen, i samarbeid med læraren, andre sosialfaglege utdanningar og skulehelsetenesta.

**Nøkkelord: Brukarmedverknad, tverrfaglegheit, skule i endring, sosial meistring**

## Vernepleiaren si rolle for å byggja det gode laget rundt eleven

I ei tid der det er eit endra fokus kring kva behov eleven har på skulen, er det debatt om kva yrkesgrupper som bør inn i skulen. Læringa er i fokus, men kva med dei elevane som har samansette utfordringar? For å byggja det gode laget rundt eleven krevst det ein brei fagkompetanse. Det krev òg eit meir samansett lag med ulike faglege perspektiv for å løysa ulike sosiale utfordringar, og for å leggja til rette kvardagen på skulen og SFO. Det vert då viktig at vernepleiarkompetansen er representert som ein del av dette laget. Den unike kompetansen vernepleiaren sit med har stort fokus på brukarmedverknad, og er ein syntese av det helsefaglege og sosialfaglege. Dette er ein kompetanse som er nyttig i eit lag rundt eleven, saman med læraren, skulehelsetenesta og andre sosialfaglege yrkesgrupper. Som vernepleiar i skulen vert ein også ei av dei «nye» yrkesgruppene som vert satsa på opp mot elevar som treng tilrettelegging i sin kvardag. Korleis nyttar ein vernepleiar sin kompetanse på skulen best mogleg? Endring i fokuset kan også laga konflikhtar internt på ein arbeidsplass, då ulike yrkesgrupper kan føla at den eine går på kostnad av den andre. Kan ein ha ei oppskrift på korleis ein kan unngå desse fellene og samstundes ha eleven sitt beste i fokus? Og korleis leggja til rette for å få brukarmedverknad hjå den enkelte elev? Dette er nokre av dei temaa ein skal retta søkjelyset på i denne artikkelen. Er dette noko ein har forbigåande fokus på, eller er dette noko å satsa på for framtida?

## Kven klarar å læra når det er kaos innvendig?

«Simon» går i 2. klasse. «Simon» strevar med å konsentrera seg i timane, og i friminnutta kjem han stadig i konflikhtar med dei andre elevane. Den siste tida er det ikkje så mange av klassekameratane som vil vera saman med han, dei seier han er slem og går bort frå han. Inne i klasserommet er det ingen som tek kontakt for å spørja om han vil jobba saman med dei. Dei andre elevane tek raskt kontakt med andre for å sikra seg nokon dei er trygge på. «Simon» opplever mange nederlag i løpet av ein dag på skulen. Dette gjer at det er følelsane av sinne og frustrasjon som tek overhand. «Simon» både seier og gjer ting som han veit ikkje er gode val, men han klarar ikkje å regulera følelsane sine sjølv. Dette skjer på fritida også. Han kjenner

på at venene flyktar frå han. Livet kjennest urettferdig, men det tyngste av alt er følelsen av å ikkje verta forstått. «Simon» er eigentleg ein gut som lærer fort, men det er ikkje lett når alt er kaos både inni og utanfor kroppen. I ein travel kvardag på skulen er det lett for at elevar som «Simon» og elevar med andre utfordringar dett utanfor, men kven kan hjelpa «Simon» til å meistra kvardagen på skulen og dei krava som vert stilt, både dei faglege og sosiale?

## Ein skule i endring

Slik ein primært kjenner skulen har den tidlegare vore ein arena for læraren. I dei seinare åra kan ein sjå endring i fokus kring yrkesgrupper i skulen. Ekspertar og politikarar har i mange år etterspurt andre yrkesgrupper inn i skulen primært for å avlasta læraren, men fokuset må også vera til eleven sitt beste.

I eit system som er godt innarbeida krevst det både tid og nytenking for å skapa endring, men ein kan no sjå at fokuset endrar seg. Fleire og fleire skular har fatta interesse for bruk av vernepleiaren og andre sosialfaglege utdanningar som ein ressurs. Kunnskapsminister Jan Tore Sanner frå Høgre peiker også på viktigeita av å byggja eit godt lag rundt elevane, som består av læraren og andre yrkesgrupper (Vedvik & Jelstad, 2019). Med eleven i fokus vert det enormt viktig å byggja eit tverrfagleg lag med fagleg tyngde rundt eleven, og det er nettopp her vernepleiaren bør inn.

Endringa ein ser i skulen vil komma elevar som «Simon» til gode – blant anna ved at læraren kan konsentrera seg meir om læringa, og ha kompetente personar som kan hjelpa til med å handtera dei sosiale utfordringane. Å ha ein vernepleiar å støtta seg til i desse utfordringane er viktig, sidan vernepleiaren har brei fagleg tyngde. På denne måten kan ein både hjelpa og forstå «Simon» på ein annan måte no enn før, dette på grunnlag av det nye fokuset i skulen.

I «Overordna del – verdiar og prinsipp for grunnskuleopplæringa» står det følgjande i pkt. 2.1 om sosial læring og utvikling: «Skolen skal støtte og bidra til elevenes sosiale læring og utvikling gjennom arbeid med fagene og i skolehverdagen for øvrig» (Regjeringen, 2017, s. 10). I dette ligg ein tanke om at skulen skal ha fokus på at identiteten, sjølvbiletet, meiningane og haldningane til eleven vert danna i samspel med andre, og skulen som arena må leggja til rette for dette.

## Fagleg- og sosial læring går hand i hand

Fagleg læring kan ikkje isolerast frå sosial læring, då dette går hand i hand. Har ein tryggleik, tilhøyrse og følelse av meistring som grunnmur, oppnår ein òg lettare fagleg vekst. Ein er òg avhengig av at den vaksne har kapasitet til å «sjå» alle elevane i klassen kvar dag, men dette kan vera vanskeleg å gjennomføra for ein lærar i større klassar der elevane har ulike utfordringar. Skulen er ein arena for læring – både fagleg- og sosial læring. Det ligg mykje kunnskap i å kunna setta seg inn i kva andre tenkjer og føler, å utvikla gode samarbeidsevner og venskap. I den sosiale læringa er kommunikasjon ein viktig faktor. Elevane skal læra å uttrykkje seg og seie ifrå på

eigne og andre sine vegner. For å ha fagleg og sosial læring er det viktig med dyktige lærarar, men dei skal òg ha tid til å vera lærar. For barn som «Simon» og andre elevar med ulike behov, vert det viktig å ha tilsette som har tid og kompetanse til å hjelpa og forstå desse barna. At «Simon» har nokon som ser når han står i utfordrande situasjonar, som er der for å støtta og hjelpa, er avgjerande for korleis han taklar og opplever dagane på skulen. Ved at «Simon» meistrar det sosiale samspelet vil han også kjenne på ein betre meistringsfølelse i klasserommet.

Tidlegare har det vore vanleg å nytta assistentar som anna yrkesgruppe i skulen. Det finst mange dyktige assistentar som har gjort og framleis gjer ein god jobb, men ein ser no eit anna fokus. Ein tenkjer kompetanse og ynskjer å integrera vernepleiaren i skulen. Dette har vore ein lang veg å gå, men ved mange skular er det no stor satsing på bruk av miljøterapeutar, og her er vernepleiaren høgst aktuell som yrkesgruppe.

## Trudvang skule som pioner

I Fontene, fagbladet til FO, og Utdanningsnytt har det vore to artiklar på kort tid som har hatt ulike yrkesgrupper i skulen på dagsordenen. Desse fagblada har vore på besøk ved Trudvang skule i Sogndal kommune, som er ein barneskule med 325 elevar, 32 lærarar og heile 14 miljøterapeutar. Av desse er det i dag tilsett tre vernepleiarar. Trudvang skule har vore ein føregangsskule på fleire måtar, men spesielt med tanke på skulen si satsing på miljøterapeutar. Dette arbeidet såg så smått dagens lys for om lag ti år sidan.

Då rektoren begynte å tilsetta miljøterapeutar, slo han saman assistentstillingar i skulen og SFO. Stillingane skulle vera på minimum 80 prosent. Dersom ein assistent slutta, søkte han etter folk med treårig høgskuleutdanning. Det viste seg at for 20 timar med assistent kunne han få 18 timar med miljøterapeut (Vedvik & Jelstad, 2019).

## Tydeleg fokus

Rektor Bjarte Ramstad seier han har hatt handlingsrom for å få dette til, sidan Trudvang er ein relativt stor skule. Han seier også at dette har vore ei bevisst satsing frå hans side. Det er viktig for han med tverrfagleg kompetanse opp mot elevane og klassemiljøa, samstundes som det er særskild viktig opp mot enkeltelevar som har ulike utfordringar på skulen (Vedvik & Jelstad, 2019). Ramstad peikar på at skulen alltid eig dei utfordringane eleven strir med, og spesifiserer at skulen må ha kompetanse på dei utfordringane barna har. Han seier òg at det er krevjande å ta sosialfagleg ansvar, men at det er nødvendig (Odlang, 2018). Vidare seier Ramstad at han ser på skulen som noko meir omfattande enn det som ligg i lovverket, og han ser verdien av å ta eit større ansvar (Odlang, 2018).

I utgangspunktet tenkte ein at ved å satsa på vernepleiarar og andre miljøterapeutar i skulen ville talet på barn med ulike sosiale utfordringar gå ned, men ein ser no at det er fleire barn som vert fanga opp. Dette trur Ramstad heng saman med

at ein oppdagar og får hjelpt desse elevane tidlegare no enn før, ved tidleg innsats. Dette gjeld blant anna dei barna som, av ulike grunnar, fort kan gå under radaren i ein hektisk skulekvardag. Ramstad seier òg noko om at dette er ein langtidsinvestering, og ein vil sjå resultat på sikt ved å setja inn tiltak tidleg. Ein skal ikkje ha fokus på berre å driva «brannsløkking» eller å handtera situasjonen. Me skal ha som mål å hjelpa barna der dei er no, og i framtida ved å gje dei gode reiskap for å handtera vanskelege situasjonar som også kjem seinare i livet (Ramstad, 2019).

## Meistring og tryggleik

Det er allment akseptert at når elevane opplever meistring og tryggleik kjem læringa lettare. Ingen barn er like og då er spesielt den sårbare gruppa barn utsett. Dei usynlege og stille barna, dei barna som utfordrar oss, dei barna som har ein klump i magen fordi dei ber på ein vond hemmelegheit, dei barna som ikkje ynskjer å gå på skulen fordi dei vert mobba, barn som har eit handikap eller ein utviklingshemming. Dette er berre nokre eksempel på barn som treng ekstra støtte og hjelp. Spørsmålet jamfør dette er om lærarane både har kapasitet og kompetanse nok til å handtera dette samstundes som dei har ansvar for undervisninga. Har ein kapasitet til å hjelpa og ikkje minst forstå kvifor «Simon» tek så mange dårlege val i løpet av dagen? Som vernepleiar er ein oppteken av følelsen bak åtferda. Det er viktig å kunna stilla seg spørsmålet om kvifor «Simon» reagerer som han gjer i dei ulike settingane, og det å hugsa på at ein berre ser den synlege åtferda.

## Vernepleiaren som ein del av det miljøterapeutiske laget ved skulen

Vernepleiaren er ei av dei sosialfaglege utdanningane som kjem inn under samlenemninga *miljøterapeut*. «Miljøterapeuter planlegger og tilrettelegger hverdagen for mennesker som har behov for behandling, oppfølging eller tilsyn. Miljøterapeuter jobber som oftest ved behandlings-, habiliterings- og rehabiliteringsinstitusjoner. Som miljøterapeut kan du også jobbe i ulike hjemmebaserte tjenester, frivillige organisasjoner, NAV eller ved skoler» (Utdanning, 2018, s.1).

Det er vanskeleg å finna ut nøyaktig kor mange vernepleiarar og andre miljøterapeutar som jobbar i skulesektoren i 2019. Dei fleste miljøterapeutane i skulen er vernepleiarar, sosionomar og barnevernspedagogar. Fagforeininga deira FO har ikkje noko oversikt anna enn på sine medlemmar, men dei antek at mange tilsette i skulen ikkje er organiserte og dermed ikkje kjem opp hjå FO. Tal frå 2018 viser at FO hadde rundt 800 medlemmar tilsett i grunnskulen, og 230 i vidaregåande skule. Dei fleste var barnevernspedagogar eller vernepleiarar. I følgje FO var talet på tilsette miljøterapeutar i skulen mykje lågare berre for nokre år sidan. I 2014 jobbar rundt 500 av medlemmane deira på skular. Dette vil seie ein auke på 50 prosent på fire år. Dersom dette stemmer, er det i snitt ein halv miljøterapeut ved kvar av landets om lag 3000 skular (Vedvik & Jelstad, 2018).

## Ein må ha det bra for å læra

Ein veit at elevane må ha det bra for å læra. Dersom «Simon» har sparka ein annan elev ute i friminuttet, kan det vera fordi han eigentleg er redd for å verta avvist i leiken. Dette kan fort utvikla seg til at dei andre elevane ser på «Simon» som den slemme guten i klassen. Nokon vert til og med redde for han og får ein vond klump i magen når han er i nærleiken. No er det jo ikkje slik at «Simon» står opp om morgonen med den klare tanken om å vera slem mot andre medelevar på skulen. Desse handlingane skjer som eit produkt av noko anna. I denne situasjonen gjorde «Simon» det fordi han er van med at dei andre ikkje vil ha han med i leiken. Han er berre 7 år, men veit godt kva blikka og kroppsspråket til dei andre elevane betyr. Han vert sint når noko er urettferdig og dermed tek han eit dårleg val. Her treng han hjelp til å regulera følelsane sine. Det er òg i desse situasjonane det er viktig å få ordna opp i konfliktane før læringa kan starta, eller helst å vera i forkant av desse konfliktane. Ein veit at i dei situasjonane der vaksne ikkje har kapasitet til å løysa opp i konfliktane, er det mange elevar som ikkje har fokus til å ta imot læring inne i klasserommet. Fokuset og tankane til eleven handlar om det vanskelege som har skjedd. Som vernepleiar har ein kapasitet og kompetanse til å rettleia elevane til å løysa konfliktane på ein god måte. For at elevane skal klara denne konfliktløysinga treng dei nokre strategiar i bagasjen. Det er her ein som vernepleiar har kunnskap om å jobba systematisk med elevane både inne i klasserommet, ute i friminutta og på SFO. Ved å jobba på denne måten jobbar ein som vernepleiar førebyggjande ved å snakka om ulike meistringsmåtar, men også ved å rettleia når elevane sjølv står oppi ein vanskeleg situasjon – og ikkje minst ved å nytta kompetansen sin til observasjon for å forstå heile situasjonen og kompleksiteten.

## § 9 A-2. Retten til eit trygt og godt skulemiljø

Alle elevar har krav på eit godt psykososialt miljø på skulen. I opplæringslova står det svart på kvitt: «Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring» (Opplæringslova, 1998). Det er viktig å framheva at dette er ei subjektiv oppleving. Dersom «Simon» opplever at det er utrygt på skulen og at han etter kvart vegrar seg for å vera der, er dette den riktige opplevinga av situasjonen. Då er det skulen sitt ansvar å leggja til rette for endring. Som vernepleiar vert det då viktig å jobbe systematisk for å komma fram til gode løysingar for å hjelpe «Simon». Samstundes som ein må gå inn for å kartleggja omfang, årsak til opplevinga og komma fram til gode løysingar i samarbeid med «Simon» sjølv, kontaktlærar, heimen og leiinga på skulen.

## Den gode samtalen

Andre viktige arbeidsoppgåver for vernepleiaren i skulen vert også dei gode samtalane med elevane. Samtalar med barn er avgjerande for å skapa gode relasjonar, men også for å avdekka moglege overgrep eller andre typar omsorgssvikter. Desse

samtalane kan ein ha åleine, eller det kan vera hensiktsmessig å ha dei i lag med kontaktlærar. Som vernepleiar jobbar ein òg med heile klassemiljøet for å skapa gode relasjonar mellom elevane, og å skapa samhald i klassen som heilskap eller hjå grupper av elevar. Det kan vera naudvendig med samtalar eller tiltak i ulike grupper eller saman med enkeltelev.

Som skule skal ein jobba som den førebyggjande instansen til barnevernet. Ein må tore å undra seg og ha eit tett samarbeid med det lokale barnevernet. Det er viktig å presisera at ein som vernepleiar ikkje driv detektivarbeid for å avdekka omsorgssvikt, men ein må gripa fatt i det elevane seier og følgja det opp. Vernepleieren tek òg del i ansvarsgruppemøter kring elevar og på den måten samarbeider tett med heimen og ulike andre offentlege instansar. Ved å delta aktivt i skulekvardagen og ta del i dei oppgåvene som tidlegare var læraren sitt domene, legg ein då til rette for ein profesjonskamp i skulen?

## Inn på læraren sin arena

Ved å tilsetja vernepleiarar og andre sosialfaglege yrkesgrupper i skulen, lagar ein då ein profesjonskamp? Det at det kjem nye profesjonar inn i skulen kan lett skapa debatt. Det som er nytt og ukjent kan ofte oppfattast som noko usikkert. At lærarane og Utdanningsforbundet er oppteken av at lærarane må komme først er ein sjølvfølgje. Det vert fort ei oppfatning at dersom vernepleieren og andre miljøterapeutar går på kostnad av lærarkreftene, så vil det vera kampen om ressursane som vert i fokus. Leiar i Utdanningsforbundet Steffen Handal legg vekt på at læraren med sin pedagogiske kompetanse fortset å vera hovudansvarleg for læring, og at dei andre yrkesgruppene kjem i tillegg, ikkje som ein erstatning til læraren (Vedvik & Jelstad, 2019).

## Viktige erfaringar

Gjennom mange år med erfaring med bruk av miljøterapeutar har Trudvang skule gjort seg opp mange viktige erfaringar om kva som fungerer og ikkje, når det gjeld integrering av miljøterapeutar i skulen. Ein av dei viktigaste faktorane ein ser er å dra dei nye yrkesgruppene inn i fellesskapet, så langt det praktisk let seg gjera, så dei blant anna skal føla seg inkluderte og verta tekne med på felles planleggingsdagar. Eit anna viktig moment er at det bør vera fleire enn éin miljøterapeut ved skulen, då har ein fleire å støtta seg til og ein kan ha eit fagleg forum. Trudvang ser også på det som eit absolutt pluss med ulike sosialfaglege utdanningar på laget, der vernepleiarkompetansen er éin av dei.

## Er lærarnorma eit hinder for vidare utvikling?

Ein annan debatt har vore kva innføring av den nye bemanningsnorma for lærarar i grunnskulen vil ha å seia for moglegheita for å nytta andre profesjonar inn i skulen.

Bemanningsnorma, som også vert kalla lærarnorma, tredde i kraft i 2018 og slår fast at det skal vera maks 15 elevar pr. lærar (Odling, 2018). Lærarnorma har som formål å sikra fleire lærarar i skulen for å sikra meir tid til kvar enkelt elev (Regjering, 2018). Vil kommunane slå seg til ro med at ein har oppfylt lærarnorma, eller vil ein framleis finna rom for å satsa på elevar med sosialfaglege utfordringar?

## Tverrfaglegheit

Det vert viktig å presisera at ingen av yrkesgruppene kan gjera heile jobben åleine – ein må stå i det saman. I staden for å tenkja lærarnorm, burde ein kanskje heller tenkja vaksennorm i klasserommet? Ved samarbeid rundt eleven kjem ein lengst, og målet må alltid vera å utvikla eleven på det han strevar med. Lærarar som har erfaring frå samarbeid med vernepleiarar og andre miljøterapeutar, ser ein svært positiv verdi i dette tverrfaglege samarbeidet. Siri Flåten (2018 i Odling, 2018), som har lang erfaring i arbeidet som lærar i klassar der miljøterapeutar har vore ein del av bemanninga, peiker på viktigheita av det arbeidet miljøterapeutane gjer rundt den enkelte elev og i elevgruppa. Miljøterapeutane sin kompetanse bidreg til at læraren kan konsentrera seg meir om undervisninga, så tek miljøterapeutane seg av den tilrettelegginga nokre elevar til ei kvar tid treng (Odling, 2018).

Det er viktig å avklara kva ansvarsområde som ligg til dei ulike yrkesgruppene. Som vernepleiar har ein ikkje mandat til å driva fagleg undervisning og det er heller ikkje oppgåva deira på skulen. Ein vernepleiar i skulen går heller ikkje på kostnad av spesialpedagogtimar, sidan elevane framleis får den tida dei har krav på med spesialpedagog. Miljøterapeuten kjem inn i timane som før vart utført av assistentar. I sakkunnig tilråding nyttast omgrepet assistent.

## Kva bør fokuset vera?

Fokuset bør blant anna vera å la læraren vera lærar for å gje dei rom for å få kvalitet på undervisninga. Ein vil då stå side om side med pedagogen for å skapa tryggleik og gode relasjonar til elevane. Både vernepleiaren og lærarar har mykje å læra gjennom ulikskapane i kompetansen til kvarandre. Klarar ein å ha innstillinga at ein skal utvikla seg sjølv gjennom samarbeidet, kan ein nytta det tverrfaglege på ein god måte. Det tverrfaglege arbeidet spelar òg ein sentral rolle ved løysing av ulike utfordringar i helse- og sosialsektor (Om vernepleieryrket, 2017). Ein viktig grunngeving for dette er mål om ein felles plattform for samarbeid mellom dei ulike profesjonane. Vernepleiaren har eit fagleg fokus som er annleis frå læraren sitt. Det er viktig at ein i lag jobbar best mogleg for eit felles mål, nemleg eleven sitt beste.

Ein har ulike styrkar i utdanningane og det tverrfaglege samspelet kjem då eleven til gode. Som vernepleiar er ein blant anna oppteken av følelsen bak åtferda, og at all åtferd er eit språk for noko. Eit slikt fagleg fokus er viktig i møte med elevane. Det er også svært viktig å ha ei skuleleiing som er oppteken nettopp av dette faglege fokuset, og som har eit klart føremål for bruk av vernepleiarar og andre miljøterapeutar. Bruken av andre yrkesgrupper må òg vera forankra på arbeidsplassen, og



alle tilsette må reelt føla at dei er del av same fellesskapet. Dei tilsette må òg ha ein tanke og ei forståing bak det arbeidet dei gjer, både i kraft av eigenarten og i kraft av det dei bidreg med inn mot fellesskapet. Ved at dette er forankra ivaretek ein både det psykiske, sosiale og det faglege behovet til elevane.

Sjølv om vernepleiaren sin primære kompetanse er vernepleie, har Trudvang skule lagt opp arbeidet slik at det ikkje alltid er ein sjølvfølgje at ein som vernepleiar eksempelvis jobbar med den eleven som har ein utviklingshemming, men like gjerne jobbar med den eleven som har ulike utfordringar knytt til åtferd. Tanken bak dette er at ein som vernepleiar også er god på å jobba generelt og tiltaksretta saman med elevane som ikkje nødvendigvis har ein diagnose.

## Kva må til for å lukkast?

Nestleiar i Fellesorganisasjonen Marianne Solberg peikar på nokre faktorar som må til for å lukkast. Ho seier at arbeidet til kommunepolitikarane og deira vilje til å bruka lønsbudsjettet på andre profesjonar enn dei tradisjonelt anerkjente, kan vera nøkkelen til suksess (Odling, 2018).

For at eit tverrfagleg samarbeid skal fungera best mogleg inne i klasserommet, vert det svært viktig med ei rolleavklaring i forkant av eit samarbeid. Ein kan då diskutera kva forventningar ein har til kvarandre og samarbeidet. Ein kjem ikkje unna at ein innstilling som omhandlar likeverd mellom ulike yrkesgrupper i klasserommet er svært viktig. Ved å tenkja at ein som lærar og vernepleiar er jamstilte i klasserommet oppnår ein eit godt samarbeid og betre resultat. Når dei ulike yrkesgruppene står skulder til skulder i klasserommet påverkast elevane positivt av dette. «Simon» vil kunna kjenna at dei vaksne i klasserommet har eit felles mål – og det er å hjelpe han når noko er utfordrande. Ved at vernepleiaren og andre sosialfaglege yrkesgrupper er representert i skulen, vil dette òg gje eit vidt fagleg spekter, også innanfor dei sosialfaglege yrkesgruppene, då tanken er at ein skal dela av sin eigen kompetanse. Som vernepleiar har ein eit fagleg fokus som er ulikt det hjå blant andre sosionomane og barnevernspedagogane.

## Korleis passar vernepleiaren sin kompetanse inn i skulen?

Når ein tenkjer vernepleie som yrke relaterer mange dette først og fremst til arbeid med utviklingshemma. Det er ikkje så underleg sidan majoriteten av vernepleiarar nok jobbar i tenester og tiltak til personar med utviklingshemming. Det er likevel viktig å merka seg at vernepleiaren kan jobba på mange felt, og vernepleiarkompetansen kan overførast til arbeid med fleire målgrupper (Om vernepleieryrket, 2017).

Vernepleiaren har noko til felles med andre sosialfaglege utdanningar, men det er viktig å ikkje gløyma kor unik vernepleiarutdanninga eigentleg er. Vernepleiaren er ein samansetning av det helsefaglege og sosialfaglege. Dette er ein kompetanse som er nyttig i eit lag rundt eleven, saman med læraren, skulehelsetenesta og andre sosialfaglege yrkesgrupper. I skulen er det barn med mange og samansette behov.

### Faktatall

Det jobber mange vernepleiere i skolen, både barneskole, ungdomsskole og videregående. Vernepleierundersøkelsen og utdanningsundersøkelsen fra 2017 viser at 9,3% av vernepleierne jobber i skolen. Det er flest vernepleiere i videregående skole, tett fulgt av barneskole og færrest på ungdomstrinnet. I tillegg er det mange som jobber i SFO.

Det er då unikt at ei yrkesgruppe som vernepleiarane har mykje kompetanse kring den sosiale delen, der nokre elevar krev mykje tilrettelegging av ulike tenester for å kunna fungera, samstundes som vernepleiarane har høg kompetanse innan den helsefaglege biten. Det er mange elevar som har sjukdommar som krev oppfølging i løpet av skule- og SFO-tid. Dette kan vera sjukdommar som krev medisinerer eller oppfølging av annan karakter. Dette er ein svært viktig og nødvendig ressurs å ha i skulen, og det er òg lovkrav knytt til utøvinga. Når læraren veit at det er ein fagkyndig person som har ansvaret for helsebiten gjev det tryggleik for at behovet hjå eleven vert ivareteke.

Integrering, deltaking, medverknad og likeverd er nøkkelord som pregar vernepleiarane sitt fokus i arbeidet dei gjer, også på skulen. Sjølv om primærområdet til vernepleiarane framleis er arbeid med utviklingshemma og andre med kognitive funksjonsnedsetjingar, ser ein likevel ein aukande del av vernepleiarar som jobbar i skulen. Vernepleiarane har gjennom si utdanning òg praktisk kunnskap om korleis ein kan leggja til rette for å hjelpa personar med ulike fysiske, sosiale og kognitive utfordringar (Om vernepleieryrket, 2017). Vernepleiarane har òg god kompetanse på å førebyggja og arbeida med konflikter (Utdannings- og forskingsdepartementet, 2005). Dette er ein kompetanse som ein dreg stor nytte av i arbeid på skule, då det er viktig å gje elevane gode reiskap for å handtera ulike konflikter.

## Målretta miljøarbeid

Som vernepleiar er ein godt rusta til å utføra målretta miljøarbeid, habiliterings- og rehabiliteringsarbeid saman med personar med fysiske, psykiske og/eller sosiale funksjonsvanskar (Utdannings- og forskingsdepartementet, 2005).

Ein kan ofte sjå ein samanheng hjå dei barna som er utrygge og har utfordrande åtferd. Ein fellesnemnar her er ofte behov for føreseielegheit og god struktur i kvar-dagen. Dette er eit fundament i måten å jobba miljøterapeutisk på som vernepleiar. Mange av barna ein kan møte på skulen er barn som har ein vanskeleg skulekvardag fordi dei har utfordrande åtferd eller manglande ferdigheiter. Som vernepleiar i skulen har ein svært god kompetanse til å jobba systematisk og strukturert saman

med desse elevane. Dette er svært viktig for nokre elevar jamfør skulen sitt evige fokus på fagleg framdrift og nye læringsmål. Det at elevane kan kjenna tryggleik på at dei vert møtt med lik reaksjon og konsekvens i ulike settingar på skulen gjev dei betre prognosar for progresjon. Når «Simon» for eksempel har bråka i timen, skal han vera trygg på kva reaksjon han vert møtt med og kva konsekvensar dette får for han. Denne målretta måten å jobba på er godt forankra hjå vernepleiaren og difor svært viktig å ha i skulen. Det er òg viktig at ein kan gjera seg opp tankar om kvifor «Simon» bråka i akkurat denne timen. Kanskje det ikkje handla om at han vil bråka, men heller om manglande ferdigheiter om korleis seia ifrå om at noko vert for vanskeleg.

Begrepet *habilitering* refererer til tiltak overfor barn og unge med medfødt eller tidleg erverva funksjonshemming (Om vernepleieryrket, 2017). I habiliteringsarbeidet skal ein ha fokus på å betra livskvalitet hjå barn og unge. Då vert målretta arbeid opp mot ulike ferdigheiter og samspel viktig. Ved å få denne kompetansen inn i skulen klarar ein å jobba målretta saman med eleven på fleire arenaer.

## 24-timars-eleven

Det har vorte meir og meir fokus på at ein skal sjå heile mennesket, og dette er også noko som er høgst aktuelt på skulen. Sjølv om ein kan kjenna på at dette er eit fokus som har komme i nyare tid er det viktig å hugsa på at dette er ein av grunnpillarane i vernepleiarutdanninga. At vernepleiaren tek dette fokuset med seg inn i sin jobb på skulen er viktig. Eit barn er ikkje berre det ein ser dei timane det er på skulen og SFO. Eleven er så mykje meir enn det ein ser dei timane eleven er i klasserommet. Målet ein som vernepleiar må ha i møte med elevane, er å hjelpa dei i møte med sine utfordringar, slik at dei kan kjenna meistring med tanke på ulike aktivitetar og deltaking, som inkludering for å kjenna likeverd.

## Relasjonelt arbeid

Det vernepleiarfaglege arbeidet er samansett og skiftar mellom systematisk tiltaksarbeid og relasjonelt arbeid. Relasjonelt arbeid er basert på kjennskap til den det gjeld i samspel med fagleg forankring (Om vernepleieryrket, 2017). «Relasjonelt arbeid er å skape mening sammen, invitere til samhandling, humor og lekenhet» (Om vernepleieryrket, 2017, s.5). Relasjonelt arbeid er ein måte å jobba på som står sterkt i vernepleiarutdanninga. Det er difor viktig at ein har ein fin balansegang mellom å jobba målretta og relasjonelt. Skal ein ha «Simon» som utgangspunkt er det viktig at vernepleiaren jobbar med det relasjonelle. Det er viktig å knyta gode relasjonar til «Simon» for å skapa tryggleik, men ein må også jobba systematisk for at «Simon» skal få gode opplevingar i løpet av dagen, og ha fokus på balanse mellom varme og forventning i sitt relasjonelle arbeid. Sidan det er viktig for «Simon» med føreseielegheit og rutinar, er det viktig at han på starten av dagen får vita at det ikkje er utetime slik det pleier, men heller biblioteket. Det er her viktig å ha kunnskap og forståing for kor avgjerande dette er for «Simon», for

at han skal få ei god oppleving og tryggleik.

Relasjonskompetanse er kanskje noko av det viktigaste me utviklar i liva våre, og som vernepleiar i skulen er det å ha gode relasjonar til elevane utruleg viktig for at ein skal lukkast i arbeidet ein gjer. Det er viktig at elevane ser at ein bryr seg og at ein er der for å hjelpa. Det er ein hårfin balansegang mellom å gje for mykje hjelp og gje for lite hjelp, samstundes som ein må sjå dei individuelle forskjellane. Jan Spurkeland (2015), kjend for sin kompetanse innan relasjonsteori, seier noko om kva relasjonar inneber:

*«Kunsten å omgås andre, skaffe oss venner, etablere nettverk, samarbeide og danne effektive grupper har sitt utgangspunkt i vår medfødte eller utviklede relasjonskompetanse. Hele spekteret av denne kompetansen kan læres og trenes. Vi må bare avgrense relasjonskompetansen til noe som kan håndteres som tema for bevisstgjøring og trening» (Spurkeland, 2015, s. 1).*

Når vernepleiaren har god relasjonell kompetanse vil det komma elevane til gode. Vidare seier Spurkeland at nyare forskning viser til at god relasjonskompetanse hjå vaksne i skulen kan førebyggja blant anna problemåtferd (Spurkeland, 2015, s.1.). Når elevane øver på samhandling og å laga gode relasjonar til sine medelevar og vaksne, gjev det òg rom for auka trivsel.

## Brei kompetanse

Det å forstå åtferda til barnet ved å analysa vilkåra åtferda haldast ved lag av er ein kompetanse vernepleiaren har, som òg bør nyttast aktivt på skulen. Som vernepleiar ved skulen møter ein ofte barn som «Simon» som kan ha større eller mindre åtferdsvanskar. Det at ein som vernepleiar har føresetnad for å forstå kva som held åtferda ved lag er viktig. Det at «Simon» utagerer mot dei andre barna kan òg handla om at han er redd for å ikkje vera god nok. Ein kan for eksempel kjenna at han samanliknar seg med dei andre og gjev seg sjølv strykkarakter både inne i timane og ute i friminutta. Å finna ut av årsaka til desse utfordringane er den vaksne sitt ansvar. Då treng ein vaksne med kompetanse, som veit kva ein bør sjå etter.

Som vernepleiar har ein òg unik kompetanse samanlikna med andre sosialfaglege utdanningar, når det kjem til ulike utviklingshemmingar og kognitive funksjonsnedsetjingar. Dette er kompetanse som er viktig å ha i skulen, då ein også møter desse elevane her. Det å vita korleis ein på best mogleg måte kan møta og leggja til rette for desse elevane på skulen er avgjerande. Dette gjeld tilrettelegging inne i klasserommet, ute i friminutt og andre arenaer for sosialt samspel.

Kompetanse til å utarbeida planar og systematisk jobbing er også noko som er godt forankra hjå vernepleiaren. Dersom ein elev har eit vedtak som omfattar psykososiale utfordringar og ut frå dette har krav på ein individuell opplæringsplan, er det naturleg at vernepleiaren utarbeider den sosialfaglege emneplanen i samarbeid med kontaktlæraren. Ved aktivt å nytta vernepleiaren sin arbeidsmodell som verktøy når ein jobbar i skulen, har ein eit godt verktøy. Ein kan då skapa forståing rundt at eit barn ikkje er vanskeleg, men at barnet har det vanskeleg. Med dette som utgangspunkt må ein finna ut korleis ein kan hjelpa barnet ved hjelp av observasjon og kartlegging av behovet til eleven, og ved å finna ut kva tiltak ein bør setja inn for

at eleven skal nå dei utarbeidde måla. Det vert òg viktig å inkludera barnet i utarbeiding av sine eigne mål, slik at eleven får eit eigarforhold til det han/ho skal øva på. Dersom «Simon» vert fortald kva han skal gjera på skulen til ei kvar tid utan at han har noko eigarforhold til det han skal øva på, vil dette kunna ha motsett effekt av det ein ynskjer. Sjølv om ein jobbar med små barn vert brukarmedverknad relevant å nytta aktivt i møte med barna. Som vernepleiar tek ein utgangspunkt i ressursar som eleven sjølv har når ein skal jobba vidare saman med eleven.

## Korleis får ein eleven med på laget?

Artikkel 12 i Barnekonvensjonen seier noko om at barn har rett til å seia si meining, verta høyrte og respektert (UNCR, 1989). Barn og unge sine eigne synspunkt og erfaringar skal stå sentralt i utvikling og gjennomføring av gode tenester, og brukarmedverknaden bør etablerast som praksis på både individ- og systemnivå (UNCR, 1989). Ved at dei tilsette på skulen har fokus på dette vil eit godt argument vera at ein oppnår betre kvalitet på dei tenestene ein tilbyr elevane sine og auka trivsel.

## Proff på eiga skuleoppleving

I Forandringsfabrikken er det mange kloke og modige ungdommar. Nokre av desse ungdommane kallar seg for skuleproffar. Namnet har ei djup betyding. Dei er proffar på si eiga skuleoppleving og sit med mykje kompetanse frå eigen skulegang. Desse ungdommane har mange sterke historier frå sin skulekvardag og om korleis dei vart møtt når det meste var ei utfordring, og på kva måte skulen takla desse utfordringane. Desse ungdommane har gjort seg erfaringar på den harde måten, men dei ynskjer å vidareformidla kva dei ser på som ein nødvendighet i skulen, ut frå kva erfaringar dei sjølve har i bagasjen. Ein del av fokuset deira omhandlar at ikkje alt på skulen nødvendigvis berre skal vera test- og målingsorientert – for eksempel at ikkje alt bør dreia seg om matte, norsk og engelsk. Skuleproffane etterlyser blant anna faget «livet» i skulen og det å ha eit psykososialt fokus i skulen, der dei kan læra om følelsar, korleis kjenna att og regulera eigne følelsar, konflikthandtering, og få informasjon om kropp og grenser. Dette er berre nokre av temaa dei tenkjer er viktige å få meir av i skulen. Proffane er òg tydelege på at dei ynskjer vaksne på skulen som har evne til å lytta med heile seg, og som ser på elevane som samarbeidspartnarar (Korsmo, 2016).

## Fagleg tyngde

Ved å ha vernepleiarar og andre sosialfaglege utdanningar i skulen får ein personar som har fagleg tyngde i utdanninga si. Det er så viktig å ha tilsette som har kapasitet til å sjå og lytta til den enkelte og deira utfordringar, og ut frå dette prøva å tilpassa eit individuelt opplegg ut frå behovet. Lærar og vernepleiar vil gjennom samspel i større grad ha evne til å sjå heile barnet.

## Skule og SFO

Ved at ein skule satsar på vernepleiarkompetanse og andre sosialfaglege kompetansar i store stillingar, vil også SFO dra nytte av kompetansen. Elevane sine vanskar er sjølvstøtt ikkje tidsavgrensa til berre å gjelda skuletida. I praksis vil dette seia at «Simon» møter dei same vaksne på SFO som han møter i skuletida, og dette gjev rom for tryggleik og relasjonar. Det er òg ein fordel at ein ser barnet i både skuletid og på SFO, då dette er ulike arenaer for eleven. Ein kan då læra eleven å kjenna på ein annan arena, og ein har moglegheit til å følgja opp eventuelle tiltak også på SFO. Når ein jobbar på SFO får ein også møta føresette i hente- og leveringssituasjon. Då kan ein lettare etablere ein relasjon til den vaksne, som elles er vanskeleg å få til i ein hektisk skulekvardag. Desse overgangssituasjonane er svært viktige i samband med kommunikasjon mellom heim og skule. Dette vert òg ein arena der ein kan gje informasjon om korleis dagen til eleven har vore, og korleis heimen på best mogleg måte kan møta barnet sitt når skuledagen har vore utfordrande. Dette gjev òg tryggleik for foreldre.

## Ja takk, begge delar?

«Å laga eit godt lag rundt eleven» er eit uttrykk, men det ligg mykje bak nettopp desse orda. Det at alle elevar skal føla seg sett og forstått er viktig, men òg noko ein i ein travel kvardag kan synda mot i skulen. I ein travel kvardag på skulen kan det vera dei elevane som utfordrar eller har andre vanskar som tapar på dette. Dei elevane som har samansette vanskar og elevar som ikkje «passar» inn i skulekvardagen slik han er lagt opp, hamnar lett på sidelinja. Det er nettopp då det er viktig å byggja det gode laget rundt eleven. Med lag meiner ein ulike profesjonar med ulik kompetanse og ulike styrkar som samhandlar til beste for eleven. I dette er det viktig å dra nytte av den breie kompetansen som vernepleiaren har. Det at ein har ei forståing for kva som ligg bak vanskane til eit barn er ein viktig grunnstein i arbeidet. Eit barn er ikkje vanskeleg, men eit barn har det vanskeleg, men å vita at dette kjem til uttrykk på ulike måtar hjå ulike barn er avgjerande for korleis ein møter desse elevane. At vernepleiaren vert ein ressurs i skulen er det ingen tvil om, så i staden for å tenkja på dette som ein profesjonskamp, må ein heller snu fokuset og tenkja at ein har eit felles mål – og det felles målet er eleven sitt beste. Ved at lærarane har meir tid til å vera nettopp lærarar vil dei kunne forbetra deira grunnoppgåve i undervisninga. Det er òg viktig at skular som har gjort seg verdifulle erfaringar ved bruk av vernepleiarar og andre miljøterapeutar som ein ressurs, deler sine erfaringar. Dette vil kunna hjelpa andre skular til å unngå typiske fallgruver. Det tverrfaglege samarbeidet vert viktig for å få ein best mogleg skulekvardag for elevane, og på den måten laga eit solid lag rundt eleven som strevar litt ekstra. For å lukkast best mogleg kan ingen av yrkesgruppene gjera heile jobben åleine, men ein må stå i det saman og utfylla kvarandre.

## REFERANSAR:

Korsmo E. K. (2016, 3. november). Her er rådene fra skoleproffene til skolelederne. Utdanningsforbundet. Henta frå: <https://www.utdanningsforbundet.no/nyheter/2016/her-er-radene-fra-skoleproffene-til-skolelederne/>

Opplæringslova. (1998, 2. april). Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova). Henta frå: [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61/KAPITTEL\\_11#%C2%A79a-2](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61/KAPITTEL_11#%C2%A79a-2)

Odlang, A. M. (2018, 26. september 2018). Denne skolen har tolv miljøterapeuter. Fontene. Henta 26. september 2018 frå: [https://fontene.no/nyheter/denne-skolen-har-tolv-miljoterapeuter-6\\_339\\_565623\\_24ab0b8491](https://fontene.no/nyheter/denne-skolen-har-tolv-miljoterapeuter-6_339_565623_24ab0b8491)

Om vernepleieryrket (2017, 2. april). Profesjonsrådet for vernepleiere, Fellesorganisasjonen. Henta frå: <https://testlab.vernepleier.no/wp-content/uploads/2017/12/Vernepleierbrosjyre-2017.pdf>

Ramstad, B., 2019. Personleg kommunikasjon, 7. januar.

Regjeringen. (2017, 1. september 2018). Overordnet del – verdier og prinsipper for grunnskoleopplæringa. Henta frå: <https://www.regjeringen.no/contentassets/53d21ea2bc3a4202b86b83cfe82da93e/overordnet-del--verdier-og-prinsipper-for-grunnsopplaringen.pdf>

Spurkeland, J. (2015, 7. mars). Relasjonskompetanse som grunnlag for å skape resultater i arbeid og på skole. Henta frå: <http://www.forebygging.no/Global/Spurkelandartikkel%20nr.%202.pdf>

[United Nations \(UNCR\) \(1989\). The United nations Convention on the rights of the child: United Nations.](#)

Utdanning (2018, 7. mars). Yrkesbeskrivelse miljøterapeut. Henta frå: <https://utdanning.no/yrker/beskrivelse/miljoterapeut>

Utdannings- og forskningsdepartementet (2005, 1. desember 2018), Rammeplan for vernepleierutdanning. Henta frå: [https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/kd/pla/2006/0002/ddd/pd-fv/269377-rammeplan\\_for\\_vernepleierutdanning\\_05.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/kd/pla/2006/0002/ddd/pd-fv/269377-rammeplan_for_vernepleierutdanning_05.pdf)

Vedvik, K. O & Jelstad, J. (2019, 29. januar). For ti år siden var det fire miljøterapeuter ved Trudvang skule i Sogndal. Nå er det 14. Henta frå: [https://www.utdanningsnytt.no/utdanning/reportasjer/2019/skolen-kan-fa-flere-som-siri/?fbclid=IwAR2rpQILTzCeDqEXwXFN2uJ-0P\\_9TYFWbgG3eW6dNMIEdswf-f1m7NDN\\_wM](https://www.utdanningsnytt.no/utdanning/reportasjer/2019/skolen-kan-fa-flere-som-siri/?fbclid=IwAR2rpQILTzCeDqEXwXFN2uJ-0P_9TYFWbgG3eW6dNMIEdswf-f1m7NDN_wM)